



Arkivnr: 2014/16808-2  
Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		11.02.2015
Fylkesutvalet		18.02.2015
Fylkestinget		11.03.2014

### Kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrift

#### Samandrag

Fylkesutvalet vedtok 24.09.14 at det skal skje ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.15. Fylkesutvalet forutsatte i vedtaket at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Ettersom det her gjeld kjøp av fast eigedom som overstig MNOK 5 vert saka om overtaking av infrastruktur lagt fram for fylkestinget for avgjerd i tråd med delegasjonsreglementet pkt. 2.1.1 (under reglementet for fylkesutvalet).

I denne saka vert det også gjort greie for estimerte framtidige investeringskostnader knytt til trolleybussinfrastrukturen.

#### Forslag til vedtak

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrifta i Bergen innanfor ei kostnadsramme på kr 19 000 000, jf. tilbod frå Tide Buss av 03.09.14.
2. Fylkestinget tek estimat over framtidige investerings- og vedlikehaldskostnader knytt til trolleybussinfrastrukturen til etterretning

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Tilbud kjøp av infrastruktur
- 2 Rapport Railconsult
- 3 Rapport Elektroline

## Fylkesrådmannen, 01.11.20145

### 1. Kjøp av eksisterande infrastruktur knytt til trolleybussdrifta i Bergen

Fylkesutvalet fatta 24.09.14 følgjande vedtak i sak 210/2014:

1. *Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.*
2. *Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.2015. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.2015 og fram til ny anbodskontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløysing for eksisterande kontrakt).*
3. *Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbodskontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.*
4. *Gjennomføring av vedtakspunkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.*
5. *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybusslinjer mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.*
6. *I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløyser med trolleybussar og/eller andre e-bussløyser vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen*

Det er gjennomført forhandlingar med Tide Buss om overtaking av infrastrukturen for trolleybussdrifta. Forhandlingane var basert på verdivurdering utarbeidd av konsulentselskapet Railconsult. Etter gjennomførte forhandlingar har Tide Buss AS i brev av 03.09.14 sett fram tilbod om kjøp av infrastrukturen for kr. 19 000 000. I tilbodet vert det vidare sett vilkår om at det vert inngått intensjonsavtale om overtaking av 2 stk. likerettar for kr. 2 000 000 pr. likerettar dersom Skyss grunna utskifting av eksisterande materiell, utviding av infrastruktur eller av andre årsaker skulle få behov for fleire likerettarar.

Verdivurderinga frå Railconsult og tilbods brevet frå Tide Buss var vedlegg til overnemnde sak for fylkesvalet av 24.09.14 og følgjer også vedlagt denne saka.

Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å inngå avtale med Tide Buss i tråd med nemnte tilbod. Saka vert fremja for fylkestinget då det gjeld kjøp av fast eigedom som overstig 5 MNOK, jf. delegasjonsreglementet pkt. 2.1.1 (under reglementet for fylkesutvalet).

### 2. Orientering om framtidige investerings- og vedlikehaldskostnader med eksisterande trolleybussinfrastruktur

#### 2.1 Om behovet for framtidige investeringar/utbetringar

Som det framgår av verdivurderinga frå Railconsult er det svært varierende alderssamansetning av infrastrukturen. Skyss og Bybanen AS har i fellesskap tinga ein gjennomgang av trolleybussinfrastrukturen med det føremål å estimere behovet for framtidige investeringar i denne. Gjennomgangen er utført av Elektrolinje som er ein tjekkisk leverandør av kontaktledningsinstallasjonar. Rapporten frå Elektrolinje av 28.01.15 (følgjer vedlagt) har følgjande tilrådingar:

1. *Tiltak som Elektrolinje vurderer må gjennomførast så snart som mogleg:*

- Skifte av kontaktledning i Nygaten og diverse andre tiltak
- Estimert arbeidsomfang: 10-16 dagar
- Prisestimat: 120 000 Euro

2. *Tiltak som vert tilrådd utført innan eitt til to års drift:*

- Skifte av 2 kilometer dobbel kontaktledning, utskifting av 25 master og diverse andre tiltak
- Estimert arbeidsomfang: 40-60 dagar
- Prisestimat 270 000 Euro

3. *Tiltak som vert tilrådd utført innan fem til sju års drift:*

- Skifte av 2 kilometer dobbel kontaktledning, skifte av 100-125 master og diverse andre tiltak
- Estimert arbeidsomfang: 2-4 månader
- Prisestimat: 970 000 Euro

I tillegg kjem eventuelle kostnader knytt til fundamentering av nye master. Bybanen AS har estimert kostnaden til kr. 30 000 pr. mastefundament.

Det må presiserast at samtlige prisar er estimat og at det er uråd å gje noko sikkert svar på endelege investeringskostnader.

I forhold til tiltak nr. 1 har Tide Buss tilbudt opprustning og skifte av kontaktledning på traseen Nygaten-Kong Oscars gate før overdragingstidspunktet. Tide Buss tar kostnadene med mannskap og materiell, likevel slik at kontaktledning av verdi på ca NOK 100 000 vert teken frå eige lager.

*2.2 Kostnader med drift og vedlikehald av infrastrukturen*

Som nemnt i fylkesutvalet sitt vedtak i sak 210/2014 skal Bybanen AS ha ansvaret for å drifte og vedlikehalde infrastrukturen. Bybanen AS har estimert at arbeidet med drift og vedlikehald på ferdig oppgradert anlegg vil belaste deira budsjett med ein til to stillingar, dvs. ein kostnad på omlag 1,5 MNOK pr. år.